

Kyrkjelydsblad

for Arna prestegjeld

Nr. 6

Arna Juni 1969

2. årgang

Kjende og kjære salmar

*Skriv dig, Jesus, på mitt hjerte,
Du min konge og min Gud,
At ei lyst, ei heller smerte
Dig formår å slette ut!
Denne innskrift på mig sett,
Jesus ut av Nasaret,
Den krosfestede, min ære
og min salighet skal være.*

(Thomas Kingo.)

Thomas Kingo var fødd på Sjælland i 1634. Far hans var ein fattig veveriarbeidar, fødd i Skottland og vart gift med ei dansk bondedotter.

Thomas Kingo hadde gode evner og kom seg inn på skule. I 1658 tok han teologisk embedseksamen, og var i fleire år huslærer, kapellan og sokneprest. Frå 1677 og resten av livet var han biskop i Odense på Fyn.

Ein kommisjon gav i 1697 ut ei salmebok

som bar Kingo sitt namn. Av dei 297 salmane i denne boka er 85 av Kingo. Denne salmeboka vart lenge nytta i Noreg, og mange av salmane hans er enno kjære og kjende hjå oss.

Kingo var gift 3 gonger, og han døydde barnlaus i 1703.

O. H.

Vitnemål om gamle tiders liv og venskap

På Garnes — hjå Nils — såg eg denne utgåva av bibelen.

«Biblia»

Det er Den gandske Hell. Skriftes Bøger.

Efter den 1699 udgangne

Huus — og Reyse — Bibel, Kiøbenhavn.

Denne Bibel af Astrups legat gives til veder vilkaar af at den ikke maa sælges eller pantsættes men forblive ham selv, hans yndelskende hustrue og lærvillige Børn til bestandig brug og oppbyggelse.

Haug's præstegaard d. 5. aug. 1794.

m. f. Arentz.

Elskelige Læser.

Herren sende dig sit Lys og sin Sandhed, at den maa lede, og føre dig til hans helige Bierg og til hans Bolig!

Allsidig skulestyrar tek avskil

Det var i 1902 Isak Holmefjord kom til verdi. I 1924 var han ferdig med lærarskulen i Volda. Til Haus kom han i 1947. Til Arna 1953. Altså ved Arna skulen heile 16 år. Heile 45 år i lærarfaget ÷ ½ år ved lærarhøgskulen i Trondheim.

Fredag 20. juni hadde foreldrelaget ved Arna skulen fest for styraren sin. Samstundes med farvel til 7. klassane ved skulen. Mange helsingar vart borne fram frå lærarane, foreldri, skuleinspektør og prest. Og gåver var det mange som hadde med. I fanget hadde han fenge, krukke, sigarskrin og blommar. Fin orgelmusikk fekk han ved Tore Jensen som spela «Purpose» av Maria Stuart (Richard Nordsåk) til æra for Styraren sin.

Holmefjord hadde alle dagar vore glad

i læraryrket, med gleder gjekk han kvar morgon til skulen sin. Og god ånd rådde i skulestova og millom lærarane. Han hadde laglege medlærarar. Daviknes rosa styraren for kor grundig han var og litande. Han var lærar av gamle slaget.

Mykje var han med på utanom skulen og. Klokkar i Haus. I helselaget gjorde han truge arbeid. Bonde og korndyrkar var han i si Trøndelagstid, og Matbeger var han for mange byfolk i dei harde åri under krigen. I det aller siste var han trafikkpoliti og hadde fenge vegpatrulje som skulle tryggja borna i dei fårlege kryss — og leida dei frå hovudvegen inn på skule-«Bård»-vegen og fram til skuleplassen.

Fru Valborg Solberg helsa frå foreldrelaget sers for denne tryggja.

Ein foregangsmann

Ein mann som ruver i norsk åndsliv og arbeidsliv frå eldre tider er John Rasmusson Haugvaldstad. Foreldri, Rasmus Johnson og kona Inger, begge frå Talgje, kjøpte 1762 ein liten gard på Rennesøy — på Reianes, som ligg ut mot den verharde Boknafjorden. John, som var den yngste av fem syskin, vart fødd 1770. Han gjekk umgangsskulen i bygdi og fekk etter tilhøvi då ei god kristendomsopplæring. Litt rekning lærde han og. Men lite lærde han å målbera seg skriftleg på det målet som då var det offisielle — og som dei kalla «modermål» eller «norsk».

Konfirmasjonsførebuingi ved sokneprest Røtting gav han store verdjar. Han var lærenem og fylgde godt med i opplæringi

og fekk godt kjennskap til stoffet i lærebøkene då var.

Etter konfirmasjonen hyrte han seg som gardsgut på Utstein gard, som høyrde til jordeigedomane til Utstein Kloster.

I 1665 selde Fredrik III klostergodset til fleire adelsmenn. Utstein gard skifte eigarar rett som det var. Ein av desse var proprietær John Garmann, og i teneste hos forpaktaren hans var John i tre år. Han hadde evne til å arbeida sjølvstendig, var samvitsfull og påliteleg i arbeidet. Men han lika seg ikkje so godt millom dei stundom villstyrne tenarane på garden. Det var ikkje lag som høvde for han og han heldt seg mykje for seg sjølv.

Etter tidi på Utstein Kloster kom han som husbondskar til Tore Pederson, som

dreiv eit leiglendingsbruk på Haugvaldstad på Mosterøy. Seinare fekk han kjøpa dette bruket av Garmann — ætti.

Då John kom til Haugvaldstad, prøvde han nye driftsmåtar i jordbruket — og fekk drifti til å løna seg betre enn vanleg var i den tid. Ein slik dugande og tiltaksam ung mann måtte høva til verson, meinte Tore. Og etter samråd med foreldri til John, fekk han deira samtykkje i at Johan skulde gifta seg med eldste dotteri, Malena.

Frå dei unge møtte det fyrst sterk motstand, men etter noko press gav dei etterkvart etter — og vart vigsla i juli 1792. Dei var ulike i livssyn og lynde og høvde lite til kvarandre. Ekteskapet vart barnlaust.

I 1808 kom vørsildi, som ikkje hadde synt seg på lange tider, til Rogalands-strendene. Og i dei åri Haugvaldstad budde på Mosterøy var han med sambygdingane på vørsildfisket. Her og synt det seg at han var ein nevenyttig kar. Han bømte garni sine sjølv og hjelpte grannane so langt han rakk.

Den 24. mars 1814 kom det 92 utsendingar frå Stavanger amt saman i Stavanger og skulde velja representantar til riksforsamlingi på Eidsvoll. At Haugvaldstad vart utsending frå Mosterøy, syner den store tillit sambygdingane hadde til han.

Alt i barneåri kjende han seg dregen til Gud. Det pietistiske livssynet sette merke på det religiøse livet i dei tider. Det var truleg halde husandakt i barndomsheimen, so han vart nok alt heime kjend med dei kristne livssanningane og han har nok alt tidleg fått vurnad for Guds ord. Umgangsskulelæraren hans var ein from kristen, heiter det. Og han har nok ført vidare denne voksteren. Etter konfirmasjonsførebuingi i attenårsalderen, ved soknepresten, tok den gode såd til å spira endå sterkare. Han vart uroleg og redd når det gjekk opp for han kor synefull han var — endå det ikkje var synder som rakk fram i dagen. Han bad

Gud om hjelp og fekk det svaret at han vilde syna miskunn mot han. No kjende han seg trygg og glad. Frå no av brukar han flittig sitt Nye Testamente. Han hadde det med seg på arbeidet og las i det i kvilestundene. Det vart den boki han hadde mest kjær gjennom heile livet.

Haugvaldstad hadde varm samkjensla med alle som vanta det mest verdfulle i livet anten det var av materiell eller åndeleg art.

Han tok til å tala Guds ord til sambygdingane. Og ordet hadde verknad. Mange kom til han og vilde ha hjelp i si syndenaud.

Den rasjonalistiske og myndige presten Heiberg lika ikkje dette. Han vilde stå vakt om konventikkelplakaten — at lekfolk ikkje hadde lov til å tala Guds ord i møte eller forsamlingar og gav Haugvaldstad ei skrapa. Han kom i tvil om han hadde rett til å tala Guds ord i større forsamlingar og fekk hug til å rådføra seg med eldre kristne om dette. Han kjende H. N. Hauge av namn og hadde hug til å tala med han. Han var både i Bergen og Kr.sand for å møta Hauge, men fann han ikkje. Men sume av venene hans møtte han — og dette gav han styrke og nytt mod.

Hauge gjesta Rogaland i 1801. Han kom til Mosterøy og heldt møte, og då fekk Haugvaldstad ynskjet oppfylt om å få tala med han. Etter denne samkoma fekk han vissa om at Gud hadde kalla han til å forkynna frelsebodskapen. No galdt det berre om å vera lydig. Han var mykje oppteken heime på garden. Likevel reiste han i åri frametter i sume bygder, fyrst på Vestlandet — og seinare på Austlandet — og det fylgde signing med arbeidet. Men stundom møtte han motstand av kristne vener, som meinte det var best han heldt seg heime.

Men det var som borgar i Stavanger han fekk utføra sitt største livsverk. Stavanger var lenge ein liten by. Men frå 1814 og

utetter tek folkevokstere til med aukande fart — med ei sterk utflytting frå bygdene til byen. Dei slo seg ned som handelsmenn, handverkarar, sjømenn og arbeidsfolk — og som bønder utanfor byen. John Haugvaldstad kom med i denne folkestraumen. I 1814 flytte han til byen. Her kunde han få bruk for tiltaksevna og arbeidshugen.

Fyrst vart han medeigar i eit teglverk, men det var systerson hans, ein tidlegare krigsfange i England, som hadde det daglege tilsynet med drifti. Fire år seinare vart teglverket selt.

I millomtida hadde Haugvaldstad vore i Kr.sand i fargarlære hos ein vyrd mann, ein av Hauge sine vener. I 1817 slo han seg ned i Østervåg i Stavanger som fargarmeister, og han var dugande i faget. Han tente pengar på tiltaket. Ei tid seinare vart ogso fargeriet selt til ein som hadde vore i tenesta hos han i mange år. Det var til dette fargeriet den 15 år gamle Ole Nielsen, husmannsguten frå Hjelmeland, kom i lære, han som seinare vart grunnleggjaren av Algårds Uldvarefabrikker.

Haugvaldstad hadde stødt nye planar. Fyrst i 20 åri kjøpte han tomter med tanke på ein fabrikk som skulde laga ullvarer. Han bygde store hus og fekk maskinar frå Danmark og ein fagmann frå Kristiania til driftsstyrar. Det var ikkje vanskeleg for han å få arbeidsfolk. I «Tilbageblik på mit Liv» skriv han: «På min Rejse i Danmark og Sverige betragtet jeg forskjellige Maskinerier og lignende Indretninger for om mulig at drage nytte deraf for mig selv og andre. Thi mange unge Mennesker med omsorg for deres Salighet begjære at tjene hos mig.»

Kledevarefabrikken, som var den fyrste av dette slaget på Vestlandet kom igong 1826. Tiltaket og drifti kosta store summar, og då det attåt var eit nybrotts arbeid møtte han mange vanskar, m.a. var det forlite

mekanisk drivkraft so maskinane måtte drivast med handemakt. Han vart ogso etterkvart eigar av fleire jordeigedomar. Han åtte vass-sag, valsemylne, båtar og silde-nøter — og var sildeeksportør. Han var soleis ein gløgg, vidsynt og dugande forretningsmann. Og det heiter om han at han var ein praktisk psykolog til å velja ut folk som med interesse kunde arbeida sjølvstendig i tenesta. Han sat i trygge økonomiske kår og vart ein av dei mest velstående borgarane i byen.

Av det som til no er fortalt er det lett å å tru at det var berre materielle ting han var oppteken med — men soleis var det ikkje. Sjølv hadde han det stødt i tankane at dei praktiske tiltak han var oppteken med ikkje måtte føra han bort frå Gud. Det er det som gjer denne mannen so stor at han hadde slik omsut for andre menneskje si velferd på alle omkverve i livet, materielt, sosialt og åndeleg. Det er mange døme på det. Han hadde mange tenarar. Han seier sjølv: «De var hos mig fra 26 til 20 Tjænere foruden flere Daglønnere i en tid av over omtrent 20 år.» Alle tenarane og sume av arbeidarane hadde bustad og kosthald i heimen hans. Kona hans, som kom til byen i 1821 treivst ikkje med dette harde arbeidet og flytte til eit anna hus som dei åtte i byen.

Nemnast kan det og at han hjelpte mange av tenarane sine og andre vener, som vilde byggja seg heimar, med lån og onnor hjelp. Andsr rikdomen dei hadde fått i samværet med han skulde hjelpa dei til å verta føregongsmenn i det som nyttig og godt var kvar på sin stad.

Han hadde og ei sterk ansvarskjensla for born, som hadde foreldre som ikkje makta å gjeva borni ei kristen oppseding. Grunnane kunde vera fatigdom, drikkevanar og andre missferder. Fyrst tok han og nokre av venene hans nokre born til seg i heim-

ane. Men so fekk han — saman med andre bygt ein barneheim for born i alderen 7–12 år. Han fekk namnet Josefinestiftelsen etter krunprinsesse Jesephine, som seinare vart gift med kong Oscar 1.

Det vart etterkvart ein stor flokk haugianarar i Stavanger og Haugvaldstad var den sjølvskrivne føraren. Han var leidar for møti. Men møtelokali, som var i leigde rom vart for små. Og so vart Nygadens bedehus reist og teke i bruk 1846. Dette er det nest eldste kristelege forsamlingshuset i landet utanom kyrkjene.

Det var Broderlyden (Brødremenigheten) som skipa fyrste heidning-misjonslaget i landet og saman med Haugevenene grunnla dei — som kjent — i 1842 Det Norske Misjonselskap. John Haugvaldstad var den drivande kraft i arbeidet. Endå so gamal han var, reiste han til Tyskland og studerte misjonsarbeidet. Misjonærskulen i Stavanger har i alle desse åri vore som ein transformator av åndeleg kraft til å bera evangeliet ut til dei som lever i heidningmyrket. Dette arbeidet har vorte til velsigning ogso for vårt eige folk.

Samfundsfrende nr. 1 var då som no rusdrikken. I fylgje med den politiske fridomen me fekk i 1814 skulde det vera fridom for alle å bryggja, brenna og drikka alt ein ynskte, men nokon fridom for lekmannen å tala Guds ord vart det ikkje før Haugevenene på Stortinget med Neergård og Ueland i brodden endeleg etter lang ventetid fekk kongeleg godkjenning. Fridomen for brennevinet var av eit heilt anna slag. I 1836 vart «Stavanger Måteholdsforening» skipa med Haugvaldstad som ein av styremedlemene. Han var varmt interessert for dette arbeidet mot brennevinet «denne ødeleggende gift for legeme og sjel.»

Ja, enno er det bruk for arbeidsfolk i denne vårvinna.

Det vart utferda fleire gåvebrev og testa-

mente. Storparten vart gjeve til Josefinestiftelsen.

Haugvaldstad fekk eit fint ettermæle. Namnet hans stod i breidd med Haugenamnet for mange. Det synte ikkje minst den store veneskaren som fylgde han gravferdsdagen 1850. På den einfelde malimplata med namn og årstal står det innrita Aab. 7. 14. 17.

Denne mannen sitt livsverk skal minna ættene som lever og som kjem om å ta vare på vår kristne arv — å halda Guds ord høgt og heilagt. Det var denne elskentil Gud og ordet hans, som gjorde at dei gamle haugianarane kunde gå milevidt over fjell og dal, stundom einslege, stundom fleire i fylgje for å nå kvarandre og halda ljuset brennande. Det var dette som gav dei mod og kraft, kjærleik og styrke til å bera evangeliet ut til andre, heime og ute — til å hjelpa sine medmenneskje og til åstrida mot folkesynder i folket vårt. Og so ynskjer me og bed med Brorson: «Gjev oss den same ånd og kraft som fedrene har havt.»

Edvard Hageberg.

Kyrkjelege handlingar

DØYPTE I INDRE ARNA SOKN:

- 4.5. Bente, foreldre: Arne Steine — Edel Karin f. Våge.
- 18.5. Øyvind, for.: Torvald Bruvik — Åse Petrine f. Johnsen.
- 11.5. Per Kristian, for.: Per Kristian Gjønne — Turid f. Alden.
- 11.5. Hans, for.: John Bjørndal — Astrid f. Andreassen.
- 15.5. Mona, for.: Odd Håkon Bjånes — Jorunn f. Romslo.
- 18.5. Mirjam, for.: Arne Mjelde — Gerd Johanna f. Skulstad.
- 25.5. Harald, for.: Gerdfinn Eithun — Sissel f. Brusdal.

- 25.5. Karl, for.: Kjartan Mjelde — Margun Karin f. Espelid.
- 25.5. Monica, for.: Kjell Olav Rosenvinge — Astrid f. Andresen.
- 25.5. Monica, for.: Leif Birger Hauge — Dagny Marie f. Stavenes.
- 25.5. Helga, for.: Per Birger Nævdal — Aud Karin f. Rossvoll.
- 25.5. Marianne, for.: Per Johannes Sørbø — Elly f. Hesland.
- 25.5. Majvi Anita, for.: Terje Børdal — Astrid Olva f. Grinde.
- 25.5. Jannicke, for.: Per Torvund — Britt Randi f. Andersen.
- 25.5. Lillian, for.: Nils Gunnar Skulstad — Bjørg f. Espeskog.
- 25.5. Øystein, for.: Nils-Gunnar Rygg — Mary Kirsten. (Døyp i Fjell kyrkja).
- 28.5. Kjell Otto, for.: Terje Nygaard — Rigmor Olga f. Olsen.
- 1.6. Bjørn, for.: Bjørnvald Arne Straume — Haldis f. Vedå.
- 4.6. Bjørn, for.: Bjørn Selvik — Sigrunn Lorentze f. Eriksen. (i Laksevåg k.)
- 4.6. Vidar, for.: Tor Dahle — Anne-Lise f. Agasøster. (i Laksevåg kyrkje.)
- 8.6. Marita, for.: Normann Rolland — Inger f. Lund.
- 8.6. Reinert, for.: Johannes Nordtveit — Eli Lovise f. Unneland.
- 8.6. Svend Espen, for.: Jan Marius Olsen — Bjørg Elisabeth f. Engelsen.
- 14.6. Linda Iren, for.: Jon Knutsen — Gerd Adele f. Langenes.
- 14.6. Trond, for.: Leif Reidar Trefall — Kari Helga f. Bjørge.
- 14.6. John Vidar, for.: Egil Magne Erlandson — Torild f. Haukeland.
- 14.6. Svein Harry, for.: Harry Konås — Gunn f. Blomdal.
- 14.6. Jan Georg, for.: Leif Bjarne Tveiterås — Ellinor f. Henriksen.
- 15.6. Agnete, for.: Geir Normann Sørensen
- Torunn Harriet f. Knoph. (Døyp i Sandviks kyrkja).
- 21.6. Charlotte, for.: Wilfred Lervik — Turid Tove f. Olsen.
- 21.6. Rune, for.: Bjørn Solberg Reigstad — Astrid f. Kleveland.
- 22.6. Elisabeth, for.: Manfred Wenzel Dietrich — Brit Hilda f. Skjoldal.
- VIGDE I INDRE ARNA SOKN:**
- 12.4. Kjell Arne Bøggen — Britt Magnusen. (I St. Jakob).
- 26.4. Kåre Martin Skulstad — Ingvild Karin Furnes.
- 10.5. Rolf Nygård — Bjørg Nyland.
- 24.5. Terje Øverlien — Berit Veseth.
- 31.5. Jostein Minde — Grethe Gjerde.
- 31.5. Egil Nødtvedt — Aud Karin Haldorsen.
- 31.5. Hans Vangnes — Anne Sølvi Mjeldheim.
- 14.6. Bjørn Henriksen — Merly Kristine Midttveit.
- 14.6. Gunnar Tunestveit — Brita Tunes-tveit.
- 14.6. Terje Iden — Olga Marie Borge.
- 14.6. Helge Kjell Kjølstad — Aase Fristad (Johanneskyrkja).
- 21.6. Per Steinar Ekse — Bodil Skjerpung.
- 21.6. Alf Harald Heitmann — Sigrid Gjerde Fjelde.
- 14.6. Olav Stokke — Irene Beate Mjølkeråen. (Åsane).
- 28.6. Reidar Thorbjørn Flåtten — Marit Randi Seth (Borgund).
- 28.6. Lars Aakre — Evelyn Haldorsen.
- AVLIDNE I INDRE ARNA SOKN:**
- 23.5. gbr. enkja Ingeborg Espeland f. 1885.
- 23.5. fabr.arb. h.v. gift David Joachim Strøm f. 1896.
- 27.5. ugift tenar h.v. Berta Marie Nilsdtr. Borge f. 1885.

- 3.6. farmar h.v. enkjemann Sever Stone (Sjur Steine) f. 1891.
- 17.6. Trygve O. Seim f. 1905.
- 19.6. gbr. h.v. enkjemann Nils Olai Tunes f. 1884.

DØYPTE I YTRE ARNA SOKN:

- 7.4. Kåre Bjørn, foreldre.: Konsulent Kåre Vollsund — Else f. Vevle.
- 13.4. Mads, for.: arb. Mads Berg Andreasen — Jenny f. Hansen.
- 13.4. Ronny, for.: lagermann Birger Løtveit — Jorunn f. Halland.
- 13.4. Gro Anita, for.: tekstilarb. Norvald Aas og Jorunn f. Nilsen.
- 27.4. Siren, for.: sjåfør Egna Andersen — Marit f. Ruskedal.
- 27.4. Julianne, for.: typograf Otto Jarle Hydle — Turid f. Dahl.
- 1.5. Eva Oaug, for.: tekstilarb. Olav Blom — Evelyn f. Johannessen.
- 1.5. Tom Roger, for.: lagermann Frank Bøe — Marit f. Pedersen. (Domkyrkja, Bergen).
- 11.5. Trond Ove, for.: sjåfør Tore Rundhovde — Hildegunn f. Hansen.
- 11.5. Terje, for.: bygn.arb. Egil Nyttvedt — Svanhild f. Vevle.
- 11.5. Tove, for.: mekanikar Malvin Eide og Marit f. Sylta.
- 15.5. Rune Asle, for.: anl.arb. Johan Borgundvåg — Audhild Sund.
- 10.5. Ronny, for.: Alfred Gjerde — Karin f. Brunborg. (Åsane).
- 25.5. Leif Gunnar, for.: cand.real. Kåre Wathne — Anne f. Dørum.
- 25.5. Bjarte Agnar, for.: handelsmann Sverre Haugland — Alice f. Monsen.

Spar for framtida!

Ei bankbok er det beste grunnlag for å sikra barnas framtid.

Ei reserve i banken skapar tryggleik. Vegen til ordna økonomi går gjennom regelmessig sparing.

BANK DET INN PA KONTO!

Arna Privatbank

- 8.6. Marita, for.: tekstilarb. Normann Rolland — Inger f. Lund.
- 14.6. Lisbeth, for.: mylnearb. Per Olaf Pettersen — Anny f. Aanderse. (Åsane).
- 14.6. Christine, for.: sjåfør Arild Kalsås — Anne Sofie f. Haukås.

VIGDE I YTRE ARNA SOKN:

- 3.5. maskinkøyrar Arne Johnny Torgeresen — hushjelp Grethe Fonn.
- 24.5. sjåfør Jan Gunnar Stammeshagen — tekstilarb. Rigmor Sigrud Løset.
- 31.5. postsjåfør Harald Geir Johansen — postelev Gro Kalsås.

AVLIDNE I YTRE ARNA SOKN:

- 31.5. enkja Anna Ekanger f. 1898.
- 9.6. husmor Astrid Skreien f. 1910.

Ein Skjeggbreisting syng si vise om verdsens dårskap og jag etter vind

I kjærleik og god vilje.
Men usle vart me fordi de var veike.
De synte oss ingen veg med meining,
sjølve kjende de ikkje slik veg,
de forsømde å leita han fram
de var for makelege.

Då me var små
kjøpte de fred av oss
med kinobillett og iskrem,
det gagna ikkje oss, men gav dykk sjølve trøyst i
likesæla.

De var veike —
i kjærleik, i tolmod, i von og i tru.
Me kunne såvisst tru på Gud,
den sterke som skynar alt og som vil at me og
skal vera sterke og gode.
Men de synte oss ikkje eit einaste menneske som var
godt.

De tente pengar og talde dei
med andakt sat de yver lønningsposen.

Syn for kvar ein av oss som lagar ståk
ein av dykk sjølve som er god i det stille,
truga oss ikkje med gummikølle.
Slepp heller laus på oss menn som kan syna oss
rett veg.

Men de er så veike — alle.

Klagesongen er skriven av ein tysk ung-
dom. Men kanskje kunne han vore laga og
sungen også i vårt kjære fedreland.

Kurs for kyrkjelydane

23/9 tek det til nytt kurs for kvinner
som er med i kyrkjelydsarbeid og som har
interesse for det.

Nærmare kunngjering seinare, men fyre-
bels kunnkjering alt no, så ein kan tenkja
yver om det høver å vera med.

Juss! Pihl er formann.

Preikeliste for Arna prestegjeld

6. juli, 5. s. e. tr.:

Ytre Arna: Sokneprest Tesdal. Nattverd.
Kl. 18.00. Trengereid. Sokneprest Tesdal.

13. juli, 6. s. e. tr.:

Arna: Sokneprest Tesdal. Nattverd.

20. juli, 7. s. e. tr.:

Ytre Arna: Sokneprest Tesdal.

27. juli, 8. s. e. tr.:

Arna: Res.kap. Hope.

3. august, 9. s. e. tr.:

Ytre Arna: Res.kap. Hope. Nattverd.
Kl. 18.00. Trengereid. Res.kap. Hope. Nattverd.

10. august, 10. s. e. tr.:

Arna: Res.kap. Hope. Nattverd.

17. august, 11. s. e. tr.:

Arna: Pastor Valle. Offer til bispedømet.

24. august, 12. s. e. tr.:

Ytre Arna: Sokneprest Tesdal.

Arna: Res.kap. Hope.

31. august, 13. s. e. tr.:

Ytre Arna: Res.kap. Hope.

Arne: Sokneprest Tesdal

Misjonssambandstemna.

Bladstyrar er Sokneprest E. Tesdal, Indre Arna.

Forretningsførar: Olav Hartveit, Garnes.

Bladpengar kr. 5,— for året. Postgiro: 310444.

— Prenta i Skaars Boktrykkeri, Norheimsund —